



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anne Vibeke Barkved, 5764 3117

Tildelingsbrev - stimuleringsmidlar til eigeninitiert utviklingsprosjektet «Kva så?»

Vi viser til søknad frå dykk av 30.05.2025.

Tilskotsordninga er ein del av kompetansestrategien for det kommunale barnevernet, og skal medverke til å stimulere til teneste- og tiltaksutvikling i kommunane for å styrke oppfølginga av utsette barn og familiane deira. I 2025 har Statsforvaltaren i Vestland kr 1 840 573,- i tilskotsmidlar til disposisjon til å støtte kommunane sine eigeninitierte utviklingsprosjekt som er forankra i kommunale læringsnettverk

Kvinnherad som vertskommune søker i samarbeid med kommunane Stord og Bømlo om kr 1 320 000,- til prosjektet «Kva så?». Prosjektet er ei vidareføringa av prosjektet «Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep», der de har utvikla undervisningsopplegget «*E d greitt?*», som del av kommunane sitt førebyggjande arbeid i vald,- og overgrepssaker. Hovudmålet med dette prosjektet er å utvikle ein tverrfagleg samhandlingsmodell for korleis tenestene i kommunen skal samarbeide på systemnivå når det er avdekka vald og overgrep mot barn og unge. Samhandlingsmodellen skal som hovudmål vise kven som gjer kva, til ei kvar tid i dei ulike tenestene i kommunane. De ønskjer også å digitalisere denne modellen slik at den er lett tilgjengeleg for alle som jobbar med barn og unge. Av søknaden går det fram at det er i dialog med Alternativ til vald (ATV), RVTS og Krisesenter Vest om samarbeid om prosjektet. Ei avtale om samarbeid med minst eit kompetansemiljø må på plass før de kan søke nye tilskot. De har òg kontakt med eit anna utviklingsprosjekt der Bergen og Voss samarbeider om utviklingsarbeid på eit tilgrensande tema.

De søker Statsforvaltaren om midlar til frikjøp av prosjektleiar og prosjektmedarbeidarar, utgifter til fagdagar og kompetanseheving, utgifter til digitalisering og utgifter til eigenandel for tilsette som bidreg inn i arbeidet. Statsforvaltaren si vurdering er at de søker eit stort tilskot i ei tidleg fase av prosjektet, der det mellom anna ikkje er heilt avklart kven frå kommunane som skal sitte i prosjektgruppa. De har grunngeve behovet og relevansen for prosjektet godt, og vi vurderer at prosjektet stettar dei vilkåra som Barne,- Ungdoms- og familiedirektoratet har sett for tilskotsmidlane.



Statsforvaltaren i Vestland løyver med dette kroner 800 000,- til utviklingsprosjektet «Kva så?». Vi vil betale ut pengane etter at vi har motteke vedlagte skjema for stadfesting på at de aksepterer dei kriteria for løyvinga som kjem fram i dette brevet. Stadfestinga (vedlegg 1) må de sende til Statsforvaltaren **innan 15.09.2025** merka med referansenummer **2025/2230**.

De søker om støtte til dette prosjektet i ei tidleg fase, og vi rår dykk til å bruke noko meir tid på planlegging og prosjektorganiseringa når de no har fått med to nye kommunar i prosjektet. Vi har også mottatt søknadar for eit høgare beløp enn det vi har til rådighet. Vi løyver derfor eit mindre beløp enn det de har søkt om. Løyvinga skal nyttast til frikjøp av prosjektleiar og prosjektmedarbeidarar frå samarbeidskommunane. Løyvinga kan også nyttast til å dekke utgifter i samband med gjennomføring av fagdagar og til digitalisering.

Vi gjer merksam på at det kan være aktuelt for dykk å søke andre tilskotsordningar med tanke på at dette er eit tverrfagleg prosjekt. Til dømes skjønnsmidlane til kommunal innovasjon og midlar knytt til tilbud til barn og unge på rus, vald og psykisk helsefeltet. Vi reknar også med at det vil bli mogleg å søke nytt tilskot i juni 2026 i denne ordninga.

De kan ikkje nytte dei tildelte midlane til andre føremål. Dersom de ønskjer å omdisponere tilskotet innafor same føremål, må de avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren på førehand.

Tilskotet må nyttast innan utgangen av 2026. Dersom løyvingane ikkje kan nyttast etter føresetnadane, skal de betale pengane attende til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren, Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet og Riksrevisjonen kan i samsvar med reglane i det statlege løyvingsreglementet kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadane.

Revisorattestert rekneskap, rapport om prosjektet og bruken av pengane skal de sende til Statsforvaltaren innan 01.02.2027. Rekneskapan må de setje opp på ein slik måte at Statsforvaltaren kan kontrollere at løyvinga er nytta i tråd med føresetnadane.

Svar på dette brevet skal de sende til vårt postmottak: sfvlpost@statsforvaltaren.no

Praktiske spørsmål knytt til prosjektet kan de sende til kontaktperson hjå Statsforvaltaren: Bente Cecilie Foss på e-post: bente.foss@statsforvaltaren.no

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Anne Vibeke Barkved
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STORD KOMMUNE
BØMLO KOMMUNE

Postboks 304
Rådhuset Leirdalen 1

5402 STORD
5430 BREMNES